


# Årsmelding

---

Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane

2015

**smiso** 

Incest skal talast i hel – ikkje teiast i hel



**smiso** 

Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane

## Innholdsliste

**04** Innleiing

**06** Organisasjon

**09** Økonomi

**11** Tilbod og tilrettelegging

**15** Lokale

**16** Kompetanse og kompetansehevande kurs for tilsette

**17** Oppsøkjande verksemد

**18** Arbeids- og utviklingsoppgåver og samarbeid

**21** Revisjonerklæring og årsrekneskap per 31.12.12

**28** Notar

# Innleiing

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane har no lagt bak seg sitt tredje fulle driftsår. Vi opna dørene på senteret i oktober 2012, som det siste fylket i landet som fekk sitt eige senter. Det har vore viktig for oss å synleggjere Smiso SF. Vi vil bidra til at menneske som har vore utsett for incest og seksuelle overgrep opplev nye moglegheiter til å leve med si historie.

Hjelp til sjølvhjelp for alle som har opplevd incest og seksuelle overgrep er SMISO Sogn og Fjordane sitt hovudfokus. Vi veit at for dei utsette så kan det vere vanskeleg å ta kontakt med oss. Mange går i årevis i tausheit og ber på den vonde hemmelegheita aleine. Mange fortel om ønskje om å kunne fortelje sanninga til nokon som trur og toler å høre, samstundes som det nettopp er denne avsløringa mange er mest redd for. Kjensla av å vere unormal og annleis er dessverre noko som veldig mange utsette kjenner på. Vi har tru på at det nyttar å snakke om det. Det gjer godt med gjenkjenning og å forstå samanhengar. Forstå kvifor ting har blitt som det har blitt, og kvifor ein reagerer som ein gjer. Etter våre møte med mange overgrevsutsette, er vår erfaring at det er håp. Vi kan sjå at mange etter kvart tek tilbake livet sitt, at det ikkje er overgropa som pregar kvar dagen og framtida.

Seksuelle overgrep er framleis eit tabubelagt tema å snakke om. På Smiso jobbar vi mot ei framtid der tabuet ikkje er til hinder for avdekking og hjelp. Vi ønskjer å gje informasjon om seksuelle overgrep og senteret, både til dei som er utsett og til andre. Vi vil bidra til at samfunnet ikkje får lov til å gløyme at seksuelle overgrep skjer, kvar einaste dag, i alle kommunar i fylket vårt og i landet elles. Som det kjem fram i denne årsmeldinga så har vi vore aktive i media, på fagdagar, og på å halde føredrag og undervisning.

Vi er stolte over det førebyggjande arbeidet senteret har til grunnskulane i fylket. Dette arbeidet hadde ikkje vore mogleg utan støtte frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. I 2015 har vi undervist meir enn nokon år tidlegare. Vi har avdekkta overgrep, forhindra overgrep, og gjort mange betre rusta til å sette eigne grenser og vete kva ein skal gjere dersom ein opplev vanskelege og vonde hendingar i livet. Tusen takk til Sogn og Fjordane Fylkeskommune og til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som gjer det mogleg for oss å halde fram med dette viktige og helsefremjande førebyggjande arbeidet.

## «EG ER HER»

I 2015 lanserte Redd barna ein nasjonal kampanje mot seksuelle overgrep mot barn, dei plukka ut ti kampanjebyar. Smiso søkte på vegne av Førde by om å bli ein av kampanjebyane og Førde vart valt ut. Stor takk til ordførar i Førde, Olve Grotle, for at han tok dette på strak arm, og holdt ein flott appell på lanseringsdagen vår, som vart markert med folkefest på rådhusplassen. Målet med kampanjen er å gjere oss medvitne om at seksuelle overgrep skjer både oftare, nærmare og er meir skadeleg enn vi trur. Gjennom kampanjen ynskte vi å gje vaksne meir kunnskap, mot og større handlekraft til å sjå, høre

og tru. Barna sine stemmer skal løftast fram. I Førde har vi i løpet av året hatt folkefest i Førde sentrum, fagseminar og utstilling. Skulane og barnehagane i Førde har delteke ved å sette temaet på dagsorden, barna har fått laga hjarte med sine ønskje for at Førde skal vere ein trygg by å vekse opp i, som dei fekk hengje opp på rådhusplassen. Barna bidrog og med korsang på lanseringsdagen. Russen i Førde engasjerte seg i kampanjen og arrangerte blant anna rebusløp for barna på folkefesten. Ungdommens bystyre sette temaet på dagsorden og var med på gjennomføringa av kampanjen. Dans Utan Grenser har dansa for tematikken, og Skrivarløa ungdomshus hadde ansiktsmåling for barna.

Vi hadde ikkje klart å få til det vi har gjort i 2015 utan dei fantastiske eldsjelene som satt i kampanjekomiteen; Gro Anthun – kyrkje og kultur, Helga Slettebakk – grunnskulane, Sveinung Nordtveit – barnehagane, Tove Nedrebø – vidaregåande skulane, Karin Fedje Bøyum – Skrivarløa og Dans Utan Grenser. Ein stor takk må og rettast til ungdomsleiar Eli Britt Danielsen, til alle tilsette i barnehagane og skulane som sette temaet på dagsorden, til BUA ved Øyrane vidaregåande skule og spesielt til elevane Madlen Lehmann og Tina Bydal Birkeland. Rein Design har bidratt med utforming av diverse materiell gjennom året , og Firda sponsa oss med annonse – takk.

I 2016 vil Smiso SF utfordre ein ny kommune i fylket vårt til å føre kampanjen vidare. Vi vil og nytte høve til å takke våre samarbeidskommunar, Helse Vest og Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet for stønad. Vi vil takke RVTS Vest (Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging) ved Inge Nordhaug og psykolog Wenche Søvik Myklebust for fagleg og personleg rettleiing og kvalitetssikring av arbeidet vårt. Takk til sexolog Kjellaug Fredly. Takk til KS Sogn og Fjordane, for hjelp til å sette arbeidet Smiso SF gjer på dagsorden i kommunane. Vi må og takke Linda Rognø på Hestegarden for ny innsikt og kunnskap, og eit inspirerande samarbeid som har betydd mykje for einskildbrukarar av senteret. Ein spesiell takk går og til brukarrepresentanten vår som gjer ein framfrå jobb for senteret og for brukarane ved senteret.

I 2015 har vi og fått pengegåve frå Utdanningsforbundet i Naustdal Lokallag, og frå Fag forbundet i Helse Vest, vi vil og takke dei privatpersonar som har støtta oss. Takk til Frydenbø Bilsenter for sponsoring av service på bilen vår. Det varmar oss at så mange har tenkt på oss og ser nytten i arbeidet som vert gjort ved senteret. Saman kan vi gjere ein forskjell og gje nye mogleheter for mange menneske. TUSEN TAKK!

**Incest skal talast i hel – ikkje teiast i hel.**

**Vi toler å høyre di historie.**

Vi ser fram til eit nytt og innhaldsrikt år saman med brukarane og våre samarbeidspartar.

# Organisasjon

## Formål og virkefelt

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane (Smiso SF) har som formål å gje hjelp til sjølvhjelp for menneske utsett for incest/seksuelle overgrep og deira pårørande.

Smiso SF skal kjempe mot og førebyggje seksuelle overgrep ved å synliggjere og motarbeide forhold i samfunnet som legitimerer, underbygger og opprettheld overgrep.

Smiso SF skal arbeide for å spreie kunnskap om incest og seksuelle overgrep, og incest/ overgrepsutsette sin situasjon ved informasjon og kunnskapsformidling.

Smiso SF skal vere eit lågterskeltilbod utan krav til tilvising.

Smiso SF skal samarbeide med offentlege hjelpeapparat og andre aktørar som arbeider med overgrepsproblematikken.

Smiso SF skal i sitt arbeid vere partipolitisk nøytrale og ikkje vere tilknytt bestemte organisasjonar eller trussamfunn.

## Organisasjonsform

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane vart stifta i 2012. Senteret sitt kortnamn er Smiso SF. Smiso SF er ein privat stifting som drivast med offentlege midlar. Smiso har eit styre samansett av fem personar, der en er oppnemnd av Førde kommune, en er oppnemnd av Kommunenes Sentralforbund (KS), en er oppnemnd av styret og skal ha særleg fagkunnskap, en er oppnemnd av brukarane og en av dei tilsette.

Styret har vore samansett slik i 2015;

**Leiar:** Kurt Even Andersen (Kommunalsjef helse og sosial Førde Kommune)

**Styremedlem:** Trude Merete Lundekvam (Tilsette representant)

**Styremedlem:** Gro Anita Solheim (Brukarrepresentant)

**Styremedlem:** Inge Nordhaug (Særleg fagkompetanse, RVTS Vest)

**Styremedlem:** Jan Ryste (Leiar KS i Sogn og Fjordane)

Dagleg leiar Chatrine Elholm, er sekretær for styret, utan stemmerett.

Vara medlemmar i styret: Terje Heggheim (Rådmann i Flora kommune), Gunn Karoline Fugle (Bup), Siri Olsen (tilsett i Smiso SF).

Stiftinga er underlagt kontroll av Stiftelsetilsynet.

Eksterne medlemmar av styret får møtegodtgjersle på kr 1500 pr. møte, styreleiar får eit tillegg på kr 900 pr. møte.




## FMSO – Fellesstiftelsen mot seksuelle overgrep

Smiso SF er medlem av Fellesstiftelsen mot seksuelle overgrep (FMSO). FMSO skal bidra til å utvikle sentera til stadig betre organisasjonar ut frå brukarane sine behov, fagleg forsking og samfunnsforhold. FMSO arbeidar for å fremje medlemsorganisasjonane sine interesser i samfunnet og ovenfor offentlege styringsmakter. FMSO legg til rette for fagutvikling, og for samarbeid på tvers av sentera.

## Vertskommune


Førde kommune er senteret sin vertskommune og har såleis eit særleg ansvar for senteret si drift. Kommunen har gjort det kjend for senteret at den kan bidra i krevjande og vanskelege saker. Senteret har ikkje hatt behov for eller bedt om slik bistand i 2015.




# Samarbeidskommunar i 2014



Aurland




Askvoll



Bremanger




Eid




Fjaler




Flora




Gaular




Gulen




Gloppen




Hornindal



Hyllestad



Høyanger



Jølster




Leikanger




Luster



Lærdal




Naustdal




Selje



Sogndal




Solund




Stryn



Vik



Vågsøy



Årdal

# Økonomi

Sentera opererer med ein finansieringsmodell der 80 % av driftsmidlane er statstilskot medan 20 % er lokale tilskot frå kommunar, helseføretak og fylkeskommune. Smiso SF fekk i 2015 stønad frå 25 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane. I tillegg fekk vi tilskot frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Helse Vest. Tilskota til drift og etablering i 2015 fordelte seg slik:

	2015	2014
Samarbeidskommunar	536.250	429.428
Sogn og Fjordane fylkeskommune	200.000	100.000
Helse Vest	70.000	50.000
Statstilskot	2.500.000	2.555.247
<b>Totale inntekter:</b>	<b>3.306.205</b>	<b>2 834 675</b>
Andre tilskot/gåver	144.630	255.185

Gåver og andre inntekter beløp seg til kr 144 630 og utløyser ikkje statstilskot.

Smiso opplev stor velvilje frå kommunane. Kommunane i Sogn og Fjordane auka stønaden frå kr 4,- til kr 5,- pr innbyggjar frå 2015. At 25 av 26 kommunar støtta senteret tek vi som ein stadfesting på at kommunane ser på Smiso SF som eit rimeleg og viktig tilskot til tenestetilbodet i fylket. Det er eit tilbod som gjev kommunane tilgang til spisskompetanse og lågterskeltilbod innanfor eit utfordrande felt.

Vi ønskjer på sikt å inngå langsiktige avtalar med kommunane i Sogn og Fjordane, og målet er at alle kommunane i fylket skal ha tilskot til senteret si drift som fast post i sine budsjett.

## Følgende har medverka til finansieringa i 2015

Kommunane; Aurland, Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gauldalen, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Leikanger, Luster, Lærdal, Naustdal, Selje, Sogndal, Solund, Stryn, Vik, Vågsøy og Årdal

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Helse Vest og Staten v/Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Revisjon er gjennomført av

BDO AS

## Tilsette

I 2015 har vi vore 3 faste tilsette i 100% stilling, og ein midlertidig tilsett i 95% stilling. Alle dei tilsette er kvinner. Dei tilsette har alle utdanning og ulik erfaring og kunnskap for å kunne gje eit best mogleg tilbod til brukarar og til samarbeidspartnarar.

Dei tilsette vert lønna ut i frå Førde kommune sin lønnspolitiske plan.

Smiso SF har teikna ulykke/yrkesskade, gruppelivs- og reiseforsikring for dei tilsette. Desse forsikringane har vi inngått med KLP Skadeforsikring. Vidare har vi inngått avtale med KLP Bedriftspensjon om 7% innskotspensjon for dei tilsette.



Chatrine Elholm  
-dagleg leiar-



Siri Helene Olsen  
-fagleg rådgjevar-



Trude Merete Lundekvam  
-fagleg rådgjevar-



Siv Berit Holme  
-fagleg rådgjevar-

# Tilbod og tilrettelegging

## Brukurar

Når ein person utsettast for overgrep råkar det heile familien. Smiso SF ønskjer at alle som vert råka får den hjelpa dei treng når dei treng den. Senteret ønskjer å gje eit godt tilbod, uansett alder, kjønn, bakgrunn og bustad.

Brukarar på senteret i 2015	
Nye brukarar 2015	41
Besøk av brukarar på senteret	421

Kontakt pr telefon/e-post/sms	
Utsette eller pårørende til utsette	630
Samarbeidspartar	257
Totalt tal telefonar	887

Einesamtalar	
På senteret	184
På telefon	260
Utanfor senteret	13

Smiso SF gjev og tilbod til brukarar under 18 år, men då i samarbeid med relevante instansar i kvart einskild tilfelle.

# Tilboda våre

## Fellesskap

Oppleving av fellesskap gjennom å utveksle erfaringar og møte andre i same livssituasjon skapar tryggleik og positiv sjølvkjensle.

## Innomstikk

Opent hus/besøk utan faste avtalar for brukarar over 18 år. Her kan ein møte andre i same situasjon, og senteret er ein arena for sosial læring der samhald og nye relasjonar kan skapast. Mange brukarar vel og vere igjen på huset etter eingesamtalene, både for å treffe andre eller ha ein fredeleg stund med ein kopp kaffi og ei avis.

## Eingesamtalar

Samtalar mellom brukar og rådgjevar, desse kan haldast på senteret eller utanfor senteret. Dei fleste brukarane har ønskja å starte kontakta med senteret med eingesamtale. Ein del brukarar brukar berre dette tilbodet, medan andre også har behov for fellesskapet på senteret. Vi har samtaleverktøyet KOR tilgjengeleg og kan nytte dette ved behov og ønskje. Vi har gjennom året hatt **457 eingesamtalar med utsette og pårørande**. Vi er med brukarane til hjelpeinstansar, og er tilgjengeleg for samtalar med nettverket deira der det er ønskjeleg.

## Telefonkontakt, e-post og sms

Fleire synast det er greitt å kunne ha nokon å ringje til, og dei geografiske forholda gjer at det ikkje er like lett å kome til senteret så ofte. Vi ser og ein stor pågang frå ulike samarbeidspartar og frå hjelpeapparatet i fylket. Denne kontakten gjeld som oftast spørsmål om senteret og våre tilbod, informasjon om seksuelle overgrep, førespurnad om å halde undervisning/foredrag, og råd/støtte i vanskelege situasjonar/saker. Nokre brukarar vel å kontakte oss via e-post og sms, i 2015 har vi fått **65 e-postar og 183 sms frå brukarar**.

## Juridisk rådgjeving

Smiso SF har inngått eit samarbeid med advokatfirma Blikra, Slotterøy & Fonn AS. Dei gjev tilbod til brukarar ved senteret om juridisk bistand. Tilbodet er gratis for brukarane.

## Samtale med sexolog

Smiso SF har også inngått samarbeid med sexolog Kjellaug Fredly. Seksualitet kan for mange som har opplevd overgrep by på utfordringar, og det kan vere vanskeleg å skilje eiga seksualitet frå overgrepa, fordi mange ikkje har ein oppleving av å eige si eiga seksualitet. Ved å jobbe med temaet kan ein få eit bra, godt og sunt forhold til seg sjølv og eiga seksualitet.

# Andre aktivitetar

## Hobby

Vi har eit aktivitetsrom på senteret, dette rommet har vore i flittig bruk.

## Mindfulness

Brukarrepresentanten vår er pådrivar for bruk av mindfulness på senteret. Mindfulness er eit sett med øvingar for å trenere opp våre "mentale musklar", mindfulness er også ei holdning til livet som gjev meir ro og balanse i ein stressande kvardag. Å lære seg mindfulness kan vere ei god investering i eige liv. Det er ikkje ein rask løysing på alle våre utfordringar, men snarare ein slags styrketrening for psyken som på lengre sikt vil auke livskvalitet på mange områder. Det viser seg at mindfulness kan auke både sosial intelligens, emosjonell intelligens og gje oss meir ro og nærvær i eige liv, og ein kan kanskje oppnå meir med mindre stress. Brukarane på senteret har altså funne mange gode grunner til å interessere seg for mindfulness. Her kan dei som ønskjer «droppe» inn og ut slik dei vil. Det er viktig at dette ikkje er nok eit krav i kverdagen.


## Massasje

Mange av brukarane sliter med ulike kroppslege plagar. Vi jobbar mykje med at den einskilde skal få ei forståing av samanhengen mellom kroppslege plagar, spent tilstand og traumatiske opplevingar. Ei av dei tilsette på senteret er utdanna idrettsmassør, og har fleire års erfaring med å massere menneske med ulike traumar.

Mange har eit vanskeleg forhold til eiga kropp og kroppsleg nærleik til andre personar. Dette er ei av dei viktigaste årsakene til at kroppen spenner seg, og må difor takast særleg omsyn til. Erfaringane våre er at om brukarane blir trygg i massasje situasjonen og til eiga kropp, reduserast den spente tilstanden og dei kroppslege plagene. Gjennom aktiv medverking utviklar brukarane ein større grad av sjølvstyring og fridom i forhold til eiga kropp. Vi har også ein massasjeestol som brukarane kan nytte seg av når dei ønskjer.

## Sjølvhjelpsgrupper

Ein sjølvhjelpsgruppe er ein arbeidsfellesskap av menneske med problem som saman jobbar for å skape endring i eigne liv. Gjensidig støtte, hjelp, respekt, motivering og mot er element i arbeidet i ein sjølvhjelpsgruppe. For mange vil det også vere viktig å få ein oppleving av samhald og forståing for at ein ikkje er åleine med erfaringar og opplevingar ein har. I 2015 har vi hatt sjølvhjelpsgruppe for pårørande mødrar.



## Bibliotek

Vi har eit enkelt utval av ulik litteratur, som vi gjennom året har supplert med nye bøker. Biblioteket inneheld bøker om seksuelle overgrep, vegen vidare og bøker om heilt andre tema. Senteret har også nokre DVD-ar.

## PC

Brukarane har ein eigen PC med tilgang til internett.

## Oppsøkjande verksemد

Dette omhandlar undervisning/opplysningsarbeid, samarbeidsmøter, deltaking i ulike fora i det offentlege hjelpeapparatet, førelesing, og liknande.

## Tilbod til menn

Smiso SF er også eit tilbod for menn. I 2015 har 2,6% av brukarane som har kontakta oss pr tlf vore mannlege brukarar, og 2,7% av brukarane som har vore innom senteret har vore menn. I vårt opplysningsarbeid prøver vi å synleggjere at vi gjev tilbod til menn.

## Tilbod til brukarar med etnisk minoritetsbakgrunn

Smiso SF ser at menneske med etnisk minoritetsbakgrunn er ei viktig gruppe å nå med tilboden vårt. I 2015 har Smiso vore på informasjonsmøte hos Hero Mottakssenter i Førde, og dei ønskjer eit tettare samarbeid framover. I 2015 har vi brukt tolk i samtale.

## Brukarmedverknad

Brukarmedverknad er viktig i arbeid med overgropsproblematikk. Ein arbeidar mot å verte aktiv deltakar i eige liv, å finne eige verd og integritet. Det å vere deltakande, klargjere eigen rolle og ha mot til å stå fram er viktige moment i den enkelte brukar sitt arbeid vidare.

Det er viktig for senteret at brukarane er med å vise vegen vidare, og at brukarar og tilsette i fellesskap kan arbeide for eit best mogleg senter, og for førebygging av seksuelle overgrep mot barn.

Dei fleste aktivitetane som har blitt starta på senteret i 2015 er på bakgrunn av ønskje og tilbakemeldingar frå brukarar.

## Brukarrepresentant

Rolla til brukarrepresentanten er å vere brukarane sitt talerør, samarbeide med leiar og dei tilsette for å heile tida utvikle senteret på best mogleg måte, og vere brukarane sin representant i styret. Brukarrepresentanten skal vere tilgjengeleg for kontakt med brukarar ved senteret i tilfelle der brukarar ikkje ønskjer å ta direkte kontakt med leiar eller tilsette ved senteret. Brukarrepresentanten til Smiso SF har vore aktivt deltakande på styremøter. Ho er tilgjengeleg for dei andre brukarane på senteret, ho gjer miljøet på senteret trygt og godt for brukarane og ho har lagt ut informasjon om brukarrepresentanten si rolle på heimesida vår. Ho har vore aktivt med å utforma opplysmateriell, ulike Power Pointer, og ho var konferansier når vi lanserte Førde som kampanjeby i Redd Barna si nasjonale kampanje mot seksuelle overgrep mot barn.

Brukarrepresentanten vår gjer ein utruleg viktig jobb for Smiso SF.

## Lokalar

Smiso SF leiger ein einebustad i Hornnesvegen 1 i Førde, leigekostnaden i 2015 har vore på kr 20 500 pr. mnd. Bustaden ligg sentralt plassert i Førde i skjerma omgjevnader. Bygningen er fra 1974, hovudetasjen er ca 135 m<sup>2</sup>, og den delen av underetasjen vi disponerer er ca 45 m<sup>2</sup>. Det er ei stor opparbeida hage på 1000 m<sup>2</sup> som gjev oss mange moglegheiter til utandørs aktivitetar.

I hovudetasjen har vi tre kontor/samtalerom, toalett, bad med wc, vaskerom, kjøkken og stor stove. Stova vert nytta som kurslokale og er tilrettelagt med lerret og projektor. I kjellaren har vi ein kjellarstove som vert brukt til aktivitetsrom, samt eit rom til massasjestol. Senteret er tilrettelagd for rullestolbrukarar.

# Kompetanse og kompetansehevande kurs for tilsette

## Fagkompetanse

Dei tilsette ved Smiso SF har alle høgare utdanning, og kompetansen senteret innehar er:

- Bachelor i yrkesfaglærar i helse- og sosialfag
- Fagbrev som barne- og ungdomsarbeider
- Fitness grunnkurs, kunnskap om blant anna anatomi, fysiologi, grunnleggjande treningslære, biomekanikk
- samt fysisk aktivitet og helse.
- Førskulelærar med vidareutdanning i spesialpedagogikk
- Pedagogisk rettleiar
- Sosionom
- Administrasjon og organisasjon
- Idrettsmassør
- Frisør
- Helseleiring

## Kompetansehevende kurs i 2015

Vi har hatt fagleg grupperettleiing to gonger i 2015. I tillegg har vi hatt fire heile dagar med personleg rettleiing i gruppe og/eller individuell rettleiing for dei tilsette. Rettleiingane bidreg til tryggleik, auka fagkunnskap, kvalitetssikring og trivsel. RVTS Vest står får den faglege rettleiinga, og rettleiar er Inge Nordhaug. Den personlege rettleiinga får vi frå Dialogassistance AS ved psykolog Wenche Søvik Myklebust.

I tillegg har tilsette ved Smiso deltatt på følgjande kurs og seminar:

- Høgskulen i Sogn og Fjordane fagdag – sjølvskading, forståing og handtering
- Høgskulen i Sogn og Fjordane fagdag – hvordan krenkede barn blir syke voksne
- Høgskulen i Sogn og fjordane/Smiso Sogn og Fjordane – Fagpersoner si rolle i møte med overgrepssproblematikk
- Fylkesmannen sin årlege 7-mils steg konferanse
- RVTS Vest sin årlege September konferanse – Kriser og psykososialt arbeid
- Barnehuset i Bergen – omvising, informasjon og samarbeid
- Fylkesmannen og Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årlege fagkonferanse om rus, vald og overgrep – «Om å forstå vald i nære relasjoner»
- Reddesmå – «Vil du vite alt, eller...?»
- RVTS – Nasjonal konferanse for tilsette som jobbar med barn på krisentrene og sentrene mot incest og seksuelle overgrep.
- FMSO landskonferansen i Oslo – Frå skam til livskraft
- Smiso Hordaland/Janussenteret – Unge overgripere
- Seminar i Bergen om – Traume og betydning av håp
- Modum Bad konferansen – Traumebevissthet gir helse. Relasjoner som brister og relasjoner som bærer.
- Småbarnsdagane i Førde – Ser du meg? Vaksne er redde for rus – borna ventar!
- Barnekonferansen i Sogn og Fjordane – samhandling og relasjonsbygging
- RVTS Vest – kommunikasjon med barn
- Sunnfjord Prosti – Om trygge rom i trusopplæringa
- Rusettervernet - fagseminar
- Smiso Hordaland, Smiso Møre og Romsdal og Smiso Sogn og Fjordane – opplæring i undervisningsportalen
- Redd Barna – «Eg er her» kampanjen
- The 28th Annual San Diego International Conference on Child and Family Maltreatment.
- Dagleg leiar har vore tilstades på fire leiarsamlingar i 2015

# Oppsøkjande verksemد

For oss har det vore viktig å drifta og gjere Smiso SF kjend i fylket, slik at vi når ut til og kan tilby høg fagleg kvalitet til brukarane og ulike hjelpeinstansar. Smiso SF er eit nytt senter. Det er difor viktig og synleggjere arbeidet vårt. Vi vil bidra til at menneske som har vore utsett for incest og seksuelle overgrep opplever nye moglegheiter til å leve med sin historie. Vidare vil vi bidra til utvikling og formidling av kunnskap for å kjempe mot og førebyggje incest og seksuelle overgrep i fylket vårt.

## Media

Media er viktig i arbeidet rundt openheit om seksuelle overgrep. Smiso i media i 2015:

### FørdeBy (nettavis)

- Om Redd Barna kampanjen; «Tida er moden for å jobbe systematisk mot overgrep»

### Papiravisa (fylkesdekkande)

- «Sær sjeldan at born seier ifrå om dette»

### Firda (avis og nett)

- Redd Barna kampanjen; «Skal fronte kampen»
- Redd barna kampanjen; «Heng opp hjarte med tankar om kva som er bra i livet: Vener, tryggleik, kos»
- Lansering av Førde som kampanjeby – folkefest; «Samla mot overgrep»
- Utstillinga «Hvis klær kunne fortelle»: «Viser fram det ingen vil sjå»

### Fjordingen

- Sak om Smiso sin undervisning i grunnskulen

Vi hadde og kronikk i samband med verdsdagen mot seksuelle overgrep i fire lokalavisar i fylket, og annonse i to lokale avisar.

### Nrk Sogn og Fjordane – Radio og nett

- Intervju i samband med utstillinga «Hvis klær kunne fortelle»

## Heimeside

Heimesida vår er viktig i marknadsføringa av senteret og for å spreie kunnskap om seksuelle overgrep. Heimesida vert aktivt brukt, og for brukarane er det eit alternativ å søkje informasjon på ein informativ, anonym og trygg måte. Smiso SF er også på facebook.

## **Informasjonsmateriale**

Vi har i tillegg fleire brosjyrar og ulike informasjonsskriv, vi er opptekne av at informasjonen som kjem frå Smiso SF skal vere god og informativ, både til brukarane og til samarbeidspartane.

## **Fagleg bidrag til hjelpeapparatet i Sogn og Fjordane**

I vedtekten våre står det at vi aktivt skal drive førebyggjande arbeid og opplysningsverksemd.

Kunnskapsformidling og informasjon om temaet seksuelle overgrep mot barn ser vi på som avgjerande i vårt førebyggjande arbeid. Innsikt i overgripsproblematikk, og ikkje minst auka tryggleik i korleis snakke med barn og vaksne om overgrep fremmar handlingskompetase. Ein voksen som vågar å ta tak i og kommunisere om det som er vanskeleg kan vere avgjerande for å komme ut av tystnaden for utsette barn.

Det er viktig for oss at vi får presentert senteret og tilboda våre til hjelpeapparatet i fylket. Både for å auke fokus på problematikken seksuelle overgrep, auke kunnskapen og nå brukarar via det offentlege hjelpeapparatet. I 2015 har vi hatt 29 møte/foredrag/fagdag for ulike instansari fylket vårt vi har nådd ut til ca. 520 fagpersonar. I tillegg har vi hatt stand på ei rekke konferansar i fylket, utstillinga «Hvis klær kunne fortelle» trakk til seg ca. 1500 personar, og på folkefesten på lanseringsdagen av Førde som kampanjeby kom det i underkant av 1000 stk.

## **Arbeids- og utviklingsoppgåver og samarbeid med andre**

### **Fokus på arbeids- og utviklingsoppgåver**

Vi er opptekne av at Smiso SF skal gje eit kvalitativt godt tilbod til utsette og pårørande i fylket, vidare er vi opptekne av at hjelpeapparatet i Sogn og Fjordane skal oppleve senteret som ein ressurs og ein samarbeidspartner. Tilboda ved Smiso SF skal vere eit supplement til hjelpeapparatet. Det faglege tilbodet ved senteret skal gje hjelp til sjølvhjelp som eit alternativ til, eller eit tillegg til, behandling i det offentlege hjelpeapparatet.

Vi har fokus på å nå ut til heile fylket. Som eit resultat av aktiv oppsøkande verksemd med informasjon, undervisning og rettleiing, ser vi at det er fleire i hjelpeapparatet som aktivt brukar oss. Vi ser og at det er fleire brukarar som tek kontakt etter anbefaling frå ulike hjelpeinstansar.

Mange brukarar av Smiso har vore, er eller får behov for hjelp av offentlege helse- og sosialtenester. For at kvar einskild skal få ein heilskapleg og god behandling er det viktig av vi samarbeider med relevante instansar, etter samtykke med brukar.

# Undervisning i grunnskulen – 6.trinn

I 2015 har vi hatt 73 undervisningsoppdrag i grunnskulen og nådd ut til ca 1400 elevar. På nokre av skulane så har vi og undervist lærarar og tilsette.

## Våre mål for undervisninga

- Bevisstgjere og styrke barn mot seksuelle overgrep, og andre vonde og vanskelege opplevingar i livet.
- Forebyggje og leggje til rette for å avdekke seksuelle overgrep og hjelpe utsette til å søkje hjelp.
- Forhindre potensielle overgripistarar. Vi tek opp konsekvensane av grenseoverskridande åtferd ovanfor andre, undervisninga kan difor bidra til å skape gode holdningar i forhold til pubertet og utprøvande seksualitet i denne alderen.
- Heve kompetansenivået hos lærarar og andre som arbeidat med barn.
- Synleggjere for overgripistarar at vi er ute på skulane og snakkar med barna.

Mange barn har i etterkant av undervisninga ønska ein samtal med oss om vanskelege ting dei har opplevd innanfor denne problematikken eller andre vanskelege ting. Sakar vi har fått del i, som har kravd vidare tiltak, har deretter blitt overført til kontaktlærar, helsesøster eller rektor. Saman har vi drøfta vidare tiltak, og aktuelle instansar har blitt kontakta der det har vore naudsynt.

## Samarbeid med Redd Barna

I samband med «Eg er her» har vi i 2015 hatt mykje samarbeid med Redd Barna. Kampanjen førte og til samarbeid med fleire ulike grupper og instansar, som beskrive i innleiinga.

## Samarbeid med vertskommune og samarbeidskommunar

Smiso SF har eit godt og konstruktivt samarbeid med aktuelle instansar i vertskommunen og i samarbeidskommunane.

Forsking viser ein overrepresentasjon av ulike psykiske og somatiske lidinger blant menneske som er utsett for seksuelle overgrep. Erfaring frå brukarar viser at det går alt for lang tid før overgripsproblematiske vert avdekkja og jobba med. Vi ønskjer å kunne bidra til auka kompetanse til hjelpepersonell, slik at fleire brukarar vert fanga opp av hjelpeapparatet og får den hjelpen dei har behov for.

Samarbeid med vertskommunen Førde er framleis veldig positivt. Smiso SF og Førde kommune samarbeider godt om drifta og det er ein trygghet for senteret og vete at terskelen er låg for å ta ein telefon og drøfte ulike saker.

## Samarbeid på fylkesnivå

Smiso SF føler seg godt motteken i fylket. Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er flinke til invitere oss til ulike faglege forum. Vi opplev mykje positive tilbakemeldingar både på fylkes- og kommunenivå.

## Samarbeid med RVTS og helseføretak

RVTS Vest er ein viktig samarbeidspart på fagleg og overordna nivå for oss. Vi har, som tidlegare nemnd, fagleg rettleiing frå RVTS Vest. Vi har og styremedlem frå RVTS Vest, og kjenner at det er ein tryggleik i at arbeidet vi gjer vert kvalitetssikra på fleire nivå. Vi ser og at vår kompetanse om RVTS Vest sin funksjon er nyttig for andre i hjelpeapparatet som vi treff, vi deler denne kompetansen og formidlar kontakt vidare om naudsynt.

Smiso SF tek i mot midlar frå Helse Vest, midlane disponerast i forhold til våre retningslinjer og vedtekter, og vert gitt for å støtte oss som eit brukarfokusert tilbod. Brukarmedverknad og sjølvhjelp er viktige nøkkelord for organiseringa vår.

## Samarbeid med andre, offentlege eller private organisasjonar/grupper

Vi har eit godt samarbeid med Rusettervernet i Sogn og Fjordane, vi opplev at det har vore eit gjensidig nytteforhold for ein skilde brukarar at vi samarbeider. Samarbeidet har gjort det lett for oss, og for dei, og gje informasjon til brukarar som kan ha behov for dei ulike tenestene/tilboda vi har.

Vi har etablert samarbeid med advokatfirmaet Blikra, Slotterøy og Fonn AS i Førde, dei gjev gratis juridisk rettleiing til brukarane våre på senteret.

Vi har eit godt og tett samarbeid med overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane, og ser det som viktig at vi har kunnskap om kvarandre og tilboda våre. Overgrepsmottaket har no som fast prosedyre å informere om Smiso, dei gjev og tilbod til sine pasientar om å formidle kontakt med oss.

Seksualitet kan for mange som har opplevd overgrep by på utfordringar. Vi har etablert samarbeid med sexolog Kjellaug Fredly, som kjem til senteret og tilbyr samtalar med brukarar som ønskjer det.

I 2015 innleia vi samarbeid med Hestegarden, og Linda Rognø som driv Hestegarden. Hestegarden tilbyr kompetansebasert terapi, omsorg og opplevingar gjennom ressursane på garden, dyra og naturen rundt oss. I nyare tid er det kome eit aukande tal artiklar om dyr sine positive påverknader på menneske. Noko av det som gjer dyr så unike i samhandling med menneske, er at dei er så direkte og gjev respons på det dei opplever der og då. Dei bryr seg ikkje om folk si forhistorie, utsjånad eller språk – og kommuniserer gjennom handling og kroppsspråk. Dyr er tillitsfulle og kan gi og ta imot kjærleik og kontakt utan baktankar og ein skjult agenda. Dei kan vere ein å dele hemmelegheiter med, eller ein mjuk varm pels å gråte i. Dyr dømmer ikkje og gir alle ein ny sjanse om dei trår feil. Dyr gjer godt for dei fleste, men i terapisamanheng kan vi bruke dyr sine eigenskapar på ein meir bevisst måte for å avhjelpe menneska sine problemområde. Mellom dyreassistert terapi og dyreassisterte aktivitetar finst ei sone der vi kan meir bevisst utnytte dei ulike effektane dyr har på menneska si helse, opp mot dei forskjellige brukarane sine problemområde. Hestegarden har vore ein trygg og god plass for ein skild brukarar på senteret, og ein viktig brikke for nokon i prosessen med å finne livskrafta tilbake.

Revisjonserklæring og årsregnskap  
per 31. desember 2015



Tel: +47 71 20 62 00  
Fax: +47 71 20 62 01  
[www.bdo.no](http://www.bdo.no)  
Org.nr. 993 606 650 MVA

Besøksadresse:  
Nøisomhed  
Serviceboks 15  
6405 Molde

Til styret i

**Stiftelsen Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane**

## REVISORS BERETNING FOR 2015

### **Uttalelse om årsregnskapet**

Vi har revidert årsregnskapet for stiftelsen Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane som viser et overskudd på kr 105 621,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlig anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

### *Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningsene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingene av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftelsens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettvisende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### *Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av den finanzielle stillingen til stiftelsen Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane per 31. desember 2015 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne dato i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

**Uttalelse om øvrige forhold****Konklusjon om årsberetningen for Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og F**

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

**Konklusjon om utdelinger og forvaltning**

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektenes for øvrig.

Molde, 14. mars 2016

BDO AS

Odd Tore Rørset  
Statsautorisert revisor

# Årsmelding frå styret for 2015

## 1. Verksemda si art og lokalisering

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane er ein stifting som har som føremål og gje hjelp til sjølvhjelp for menneske utsett for incest/seksuelle overgrep og dei rørande.

Vidare har stiftelsen som føremål å kjempe mot og førebyggje seksuelle overgrep, formidle kunnskap om incest og seksuelle overgrep og dei utsette sin situasjon.

Stiftinga drivast frå hovudkontor i Førde kommune.

## 2. Fortsatt drift

Styret og dagleg leiar meiner det er riktig å leggje føresetnaden for framleis drift av stiftinga til grunn ved framlegginga av årsrekneskapet.

Styret har hatt 5 møter i 2015.

## 3. Disponering av stiftinga sin kapital

Styret sin oppfatning er at det framlagde resultatrekneskap og balanse gjev tilstrekkeleg informasjon om drifta og stillinga for stiftinga.

Styret har ikkje kjennskap til forhold i utgangen av rekneskapsåret som vil ha noko å seie for bedømminga av årsrekneskapet og stiftinga si stilling.

## 4. Arbeidsmiljø

Senteret har stort fokus på arbeidsmiljø, og vektlegg til gjengelegetid, samhandling og vidareutvikling både fagleg og personleg. Vi har fagleg rettleiing frå RVTS Vest, og personleg grupperettleiing frå Psykolog Wenche Søvik Myklebust.

Sjukefråvær i 2015 har vore på 0,03%.


## 5. Ytre miljø

Stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet.


## 6. Kvinneandalar


Styret har 40 % kvinnedel. Alle dei fire tilsette er kvinner.

Førde, 14.03.16

  
Kurt Even Andersen  
Styrelseleiar

  
Jan Ryste  
Styremedlem

  
Inge Nordhaug  
Styremedlem

  
Trude Lundekvam  
Styremedlem

  
Gro Anita Solheim  
Styremedlem

# Resultatregnskap

SMISO Sogn og Fjordane

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>
Driftsinntekter		3 278 739	2 834 675
Annen driftsinntekt	8	144 630	255 182
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>3 423 369</b>	<b>3 089 857</b>
Varekostnad		73 872	97 723
Lønnskostnad	2	2 355 607	2 063 890
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	0	30 800
Annen driftskostnad	2	893 059	867 387
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>3 322 538</b>	<b>3 059 800</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>100 831</b>	<b>30 057</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		4 895	7 705
Annen rentekostnad		105	817
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>4 790</b>	<b>6 888</b>
Ordinært resultat før skattekostnad		105 621	36 945
<b>Ordinært resultat</b>		<b>105 621</b>	<b>36 945</b>
<b>Ekstraordinære inntekter og kostnader</b>			
<b>Årsresultat</b>		<b>105 621</b>	<b>36 945</b>
<b>Overføringer</b>			
Avsatt til annen egenkapital	7	105 621	36 945
<b>Sum overføringer</b>		<b>105 621</b>	<b>36 945</b>

# Balanse

SMISO Sogn og Fjordane


Eiendeler	Note	2015	2014
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	3	8 000	8 000
Sum varige driftsmidler		<u>8 000</u>	<u>8 000</u>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Andre langsiktige fordringer		31 945	48 611
Sum finansielle anleggsmidler		<u>31 945</u>	<u>48 611</u>
Sum anleggsmidler		<u>39 945</u>	<u>56 611</u>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Fordringer</b>			
Andre kortsiktige fordringer	6	5 849	0
Sum fordringer		<u>5 849</u>	<u>0</u>
<b>Investeringer</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	1 183 629	1 277 482
Sum omløpsmidler		<u>1 189 479</u>	<u>1 277 482</u>
Sum eiendeler		<u>1 229 423</u>	<u>1 334 093</u>

# Balanse


## SMISO Sogn og Fjordane

	Note	2015	2014
<b>Egenkapital og gjeld</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Grunnkapital	7	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>
<b>Oppkjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	7	519 810	414 189
Sum oppkjent egenkapital		<b>519 810</b>	<b>414 189</b>
Sum egenkapital		<b>619 810</b>	<b>514 189</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning for forpliktelser</b>			
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		64 757	168 313
Skyldig offentlige avgifter		171 047	165 685
Annen kortsiktig gjeld		373 810	485 905
Sum kortsiktig gjeld		<b>609 613</b>	<b>819 904</b>
Sum gjeld		<b>609 613</b>	<b>819 904</b>
Sum egenkapital og gjeld		<b>1 229 423</b>	<b>1 334 093</b>

Styret i SMISO Sogn og Fjordane

  
Kurt Even Andersen  
styreleder

  
Inge Nordhaug  
styremedlem

  
Trude M Lundekvam  
styremedlem

  
Gro Anita Solheim  
styremedlem

  
Jan Ryste  
styremedlem

# NOTER

## Senter mot Incest Sogn og Fjordane

### NOTE 1 - REGNSKAPSPrINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder.

#### **Hovedprinsipp**

Inntekt resultatføres når den er opptjent som normalt vil være på leveringstidspunktet. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekt resultatføres.

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen ett år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes å være ikke forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives plannmessig. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balansesøres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler, og redegjøres for nedenfor.

#### **Varige driftsmidler**

Varige driftsmidler er ført opp i balansen til historisk anskaffelseskost tillagt oppskrivninger og fratrukket akkumulerte av- og nedskrivninger. Varige driftsmidler avskrives lineært over forventet økonomisk levetid.

#### **Fordringer**

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

# NOTER

## Senter mot Incest Sogn og Fjordane

### NOTE 2 - LØNNSKOSTNADER, ANSATTE ETC.

Lønnskostnader består av følgende poster:

	<i>2015</i>	<i>2014</i>
Lønninger	1 971 660	1 712 814
Folketrygdavgift	225 530	196 595
Pensjonskostnader	138 217	137 525
Andre lønnskostnader	20 200	16 955
Sum lønnskostnader	<u>2 355 607</u>	<u>2 063 890</u>

Gjennomsnittlig antall årsverk	4	4
--------------------------------	---	---

Ytelser til ledende personer:

	<i>Daglig leder</i>	<i>Styret</i>
Lønn	594 723	30 000
Pensjonsforpliktelser	0	0
Annen godtgjørelse	9 827	0

### OTP

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon , og har opprettet slik ordning for sine ansatte

Kostnadsført revisjonshonorar utgjør kr. 30.000,-, herav 9.375,- for annen bistand

### NOTE 3 - VARIGE DRIFTSMIDLER

	<i>Inventar</i>	<i>Totalt</i>
Anskaffelseskost 1.1.	100 000	100 000
Tilgang i løpet av året	0	0
Avgang i løpet av året	0	0
Akkumulerte avskrivninger	92 000	92 000
Bokført verdi 31.12.	8 000	8 000
Årets avskrivninger	0	0

Økonomisk levetid  
Avskrivningsplan

# NOTER

## Senter mot Incest Sogn og Fjordane

### NOTE 4 - LANGSIKTIG GJELD / PANTSTILLELSER

Gjeld som forfaller mer enn fem år etter regnskapsårets slutt	2015	2014
Gjeld til kreditinstitusjoner	0	0

Pantstillelser o.l.	Gjeld sikret ved pant	Balansefort verdi pant
Gjeld til kreditinstitusjoner	0	0

### NOTE 5 - BUNDNE MIDLER

Av selskapets bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr. 103.196,-

### NOTE 6 - FORDRINGER

Samlede fordringer med forfall senere en et år etter balansedagen	i år	i fjor
	0	0

### NOTE 7 - EGENKAPITAL

	Selskapskapital	Annen EK	Sum
Stiftelse 31.12.14	100 000	414 189	514 189
Årsresultat		105 621	105 621
Egenkapital pr. 31.12.15	100 000	519 810	619 810

Det er i år mottatt gavemidler for kr 144.630,- . Årets resultat uten gavemidler er underskudd kr.39.009,-

### NOTE 8 - MOTTATTE GAVEMIDLER

Sparebankstiftinga S & F	130.000
Firda Media	9.930
Andre	4.700
Totalt	144.630

Mottatt beløp er disponibelt pr 31.12.15, godskrevet egen gavekonto i Sparebanken Sogn og Fjordane

# Kontaktinformasjon

Senter mot incest og seksuelle overgrep Sogn og Fjordane

Hornnesvegen 1 (ved kyrkja), 6809 Førde

Telefon: 57 72 10 70/94 89 28 23

E-post: post@smiso-sf.no

Heimeside: [www.smiso-sf.no](http://www.smiso-sf.no)

Følg oss på Facebook

Senteret har opent:

Måndag-fredag: 9-15

Innomstikk for brukarar:

Måndag, tysdag og fredag: 10-15

Landsdekkande telefon for incestutsette og seksuelt misbrukte: 800 57 000

Alarmtelefon for barn og unge: 116 111



Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane